



DEN NORSKE KYRKJA

Følg Kyrkjemøtet 2022



Kyrkjemøtet er det øvste demokratiske organet i Den norske kyrkja. I morgon, onsdag, samlast 116 medlemmer i Trondheim. Sakene skal handsamast både i komitear og i plenum. Alle diskusjonane i plenum vert strøyma direkte og du kan følgje dei på kyrkja.no/km.

På saklista står mellom anna sak om ny kyrkjeleg organisering, ordning for prest under utdanning, liturgi for dei tre dagane før påske og sak om kyrkja som ansvarleg økonomisk aktør. Kvar kveld vil du kunne finne ein kort film som oppsummerer dagen på [Facebook-sida til Kyrkerådsdirektør Ingrid Vad Nilsen](#).

På onsdag i neste veke, 28. september, vert det allmøte for alle tilsette i kyrkja kl 09.00. På allmøtet vil du få informasjon om kva Kyrkjemøtet har vedteke om kyrkjeleg organisering. I tillegg vil du få vite meir om ressursar knyt til, sorg, helgemesse og "Rituale ved livets slutt". Du finn allmøtet på kyrkja.no/allmøte.

[Les meir](#)



Søk om stipend

No kan du søke om kvalifiseringsstipend til å gjennomføre studiar for å oppfylle kompetansekrava til kateket, kyrkjelydspedagog, diakon eller kantor. Det finst også fleire andre stipend til tilsette innanfor desse fagområda.

[Les meir](#)



HEL-konferansen 2023

På HEL-konferansen i 2023 vert utfordringa stilt om kva kyrkja er og kan vere i vår tid. Du vil få praktisk hjelp til å utvikle inkluderingsarbeidet i kyrkjelyden, og sjå verdien av at alle kan kjenne på tilhørslse. HEL-konferansen er ein stad for godt fellesskap og læring.

[Les meir](#)



Vingespenn – ei framsyning av og med ungdom

Framsyinga Vingespenn er ei unik moglegheit til å engasjere ungdom kring temaet moderne slaveri, og å gje håp for ei meir rettferdig verd. Ved å setje opp framsyinga for og med ungdom kan Vingespenn engasjere til refleksjon kring urett og utfordringar i eige liv.

[Les meir](#)

Webinar og frukostmøte



Ikoner som brobyggerkunst?

22. september kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Hvordan kan menighetsrådet jobbe strategisk?

29. september kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på ressursbanken.no/webinar

Fekk du med deg desse sakene?



Allehelgen – helgemesse

Første helga i november er det helgemesse, og alt det viktige sorgarbeidet som går føre seg i kyrkjelydane kan bli løfta fram. 5.-6. november er eit godt høve for å gå ut og invitere inn til fellesskap i kyrkja.

[Les meir her](#)



Kirkens lokale skrivebord til alle tilsette

Kirkens lokale skrivebord er ei felles arbeidsflate som gjev enkel tilgang til kyrkja sine digitale felles løysingar – både dei vi har i dag, og dei som kjem i framtida. Digitaliseringsstyret i Den norske kyrkja har som mål at alle tilsette skal bruke dette.

[Les meir her](#)



Dåp uansett alder i vidopne kyrkjerom

«Heilt enkelt, like stort» vert det sagt om drop-in-dåp, open dåpsdag eller dåpsfest. Frå pinsa 2023 og to veker inn i juni, vert det no planlagt nasjonal merksemd om dåp – uansett alder. Bli med på å arrangere opne dåpsdagar neste vår, ta dette inn i planarbeidet allereie no.

[Les meir her](#)

Aktuelle høyringar

Endring av regler for saksbehandling i liturgisaker

Høringsfrist 20. oktober. [Les meir om høyringa her.](#)

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet.](#)

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)





DEN NORSKE KYRKJA

krpostmottak@kyrkja.no